



God sommar med Limerickens beste venner.

**Mange av lesarane våre har nok hatt mykje glede av facebook-sida *Limerickens beste venner*. På denne kjem det ein ny limerick frå Olaf Agnar Gausvik kvar einaste dag. I tillegg til Gausvik er det også andre gode bidragsytarar. Limerickane vert ofte knytt til artige bilete som Gausvik finn inspirasjon i. To av bidragsytarane er dei to humoristiske padlarane Øystein Enæs og Bjarte Eik.**

Gausvik har sendt oss 10 kjekke limerickar som vi vil presentera til frukost med eit par dagars mellomrom dei næraste vekene.

- Vi er komne fram til den tida på året då avisfolk presenterer 'agurknytt'. Eit mogleg innspel i så måte, kan vera at dei to humoristiske padlarane Bjarte Eik og Øystein Enæs dei siste vekene har bidratt med flotte bilete og humoristiske kommentarar i ei heil rekkje applauderte limerickar på sida '**Limerickens beste vener**', skriv limerickmeisteren Olaf Agnar Gausvik som eit vedlegg til sendinga.

Dette vert vår måte å ønska **God morgon** på slik Bjarte Eik oppfordra til på facebook sist veke. Den koselege statusen er grunnlag for første limerick:

En limerick til godguten Bjarte  
som oppmoda oss om å starte  
ein 'Godmorgon-stafett'.  
Eg gjev han heilt rett,  
og let helsinga koma frå hjarte!

Sidan det er første dag i serien, tar vi ein limerick til. Den er laga av Bjarte Eik og viser tydeleg at han beherskar skrivekunsten.

I alle slags vær  
finns en sport for enhver.  
Selv godseier Rolf  
fikk interesse for golf,  
da han så denne spilleren her.



Kos dåke, og nyt sommarlivet!  
Nett: Thor Inge Døssland